

# Kommuneplanen sin arealdel 2014-2026

## Føresegner og retningslinjer

Kommuneplanen sin arealdel 2014-2026  
Fyresdal kommune 27.11.2014

### FØRESEGNER OG RETNINGSLINER

Arealdelen av kommuneplanen er juridisk bindande og skal leggjast til grunn ved av enkeltsaker innan planområdet. Tiltak som kan vere til vesentleg ulempe for gjennomføring av planen skal avslåast. Planen med føresegner er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) av 27.06.08, kapittel 11- Kommuneplan. Føresegner til planen er juridisk bindande og kjem i tillegg til tilhøva som er fastlagt i plankartet. Føresegner med tilhøyrande heimel er utheva med grå bakgrunn, resten er retningslinjer. Retningslinjene er ikkje juridisk bindande, men av rådgjevande og informativ karakter og skal leggjast til grunn ved plan- og byggjesaksarbeid.

#### 1.0 GENERELLE FØRESEGNER (§ 11-9)

##### 1.1 Universell utforming (§ 11-9 nr. 5)

Prinsippa om universal utforming (uu), skal leggast til grunn ved planlegging av bygg og utbygging av utomhusareal der ålmenta skal ha tilgjenge.

##### 1.2 Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit (§ 11-9 nr. 8)

I samband med handsaming av reguleringsplanar og byggjesakshandsaming, skal tiltaket vurderast i høve til risiko og sårbarheit. Omsyn til mogleg flaum og ras/skred, kan krevjast nærare dokumentert før det vert gjeve byggjeløyve.

I framlegg til reguleringsplanar skal det liggje føre ROS analyse.

##### 1.3 Born og unge sine interesser (§ 11-9 nr. 8)

Ved utarbeiding av kommunedelplanar, områdeplanar, detaljerte reguleringsplanar og ved byggjesakshandsaming, skal konsekvensar for born og unge vurderast.

Ved omdisponering av tidlegare avsette fellesareal eller leikeareal for born skal desse erstattast med areal som er minst like godt eigna.

##### 1.4 Vatn og avlaupsanlegg

Dersom det skal leggast til rette for høg sanitær standard på nye eller eksisterande hytter, må det leggast fram vass- og avlaupsplan. I tillegg er det krav om reguleringsplan. Felles avløpsløyving må vurderast der det er 2 hytter/ hus eller meir.

##### 1.5 Standardheving av hyttefelt

Standardheving på hyttefelt med vegar og vatn/ avlaup, krevver utarbeiding/revisjon av reguleringsplan.

## **1.6 Kulturminne (§ 11-9 nr. 8)**

Alle reguleringsplanar skal sendast fylkeskommunen til fråsegn, jfr. kulturminnelova § 9.

Ved bygging av vegar, ved frådelling av hyttetomter og bustadtomter og ved tiltak i område for spreidd bustad og yrkesbygging der det ikkje ligg føre plankrav, skal den regionale kulturminneforvaltninga ha melding om saka med frist, før vedtak vert fatta.

Alle tiltak som kjem direkte berøring med eller ligg i nærleiken av kulturminne eller kulturmiljø freda etter kulturminnelova skal sendast regional kulturminneforvaltning til godkjenning jf pbl § 11-9 nr 7.

Det er ikkje tillate å gjere nokon form for varige eller mellombelse inngrep som medfører å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, skjule eller på nokon måte utilbørlig skjemme automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje. Dersom ein ved tiltak i marka støyter på automatisk freda kulturminne, må ein straks stanse arbeidet og varsle den regionale kulturminneforvaltninga, jf § 8, 2. ledd i kulturminnelova av 9. juni 1978.

## **1.7 Byggjeskikk**

Ved utbygging skal det leggast vekt på estetisk utforming og tilpassing til landskap og terreng samt eksisterande bygningsmiljø med tanke plassering av bygg, volum, takform, materialbruk og farge.

## **1.8 Renovasjon**

Planleggar av hytte-/ bustadområde må sette av plass for renovasjonscontainerar ved offentleg tilgjengeleg veg. Det er utbyggars ansvar å halde plassen tilgjengeleg for renovasjonsselskapet sine bilar.

## **2.0 OMRÅDE FOR BUSETNAD OG ANLEGG (§ 11-7 nr. 1)**

### **2.1 BYGGJEOMRÅDE FOR FRITIDSBUSTADER (§ 11-7 nr. 1)**

#### **2.1.1 Plankrav (§ 11-9 nr. 1)**

I byggjeområda kan det ikkje gjevast løyve til byggje og anleggstiltak etter pbl § 20-1 bokstav a), k) l) eller m), før det ligg føre ein stadfesta detaljreguleringsplan, j.f. pbl §12-1.

I samband med utarbeiding og handsaming av reguleringsplanar for hyttebusetnad, skal det setjast av plass til minimum 2 parkeringsplassar per hytte/fritidshusvære på tomta. Der det ikkje er køyreveg heile året er det krav om parkeringsplassar ved offentleg tilgjengeleg veg.

#### **2.1.2 Rekkefølgjekrav (§ 11-9 nr. 4)**

I byggjeområde med middels- eller høg sanitær standard, kan utbygging ikkje finne stad før tilkomst, parkering, straum, samt godkjend vassforsyning og avlaupsanlegg, er etablert.

Trinnvis utbygging kan tillatast.

Fellesareal, som til dømes felles parkeringsplassar, tilkomstvegar, stiar/ løyper og leikeplassar skal ferdigstillast samstundes med at tomtene vert bygd ut.

## **2.2 OMRÅDE FOR RÅSTOFFUTVINNING (§ 11-7 nr. 1)**

### **2.2.1 Plankrav (§ 11-9 nr. 1)**

Før nye råstoffområde vert teke i bruk eller ved utviding av eksisterande masseuttak/ steinbrot i kommunen er det krav om godkjent reguleringsplan.

Planen skal gjere greie for tilhøve som naboar, adkomst, støy, sikring, framdrift, kvalitet og mengde/omfang på ressurs. I tillegg skal det leggast vekt på at det ikkje vert for mange

massetak av same slag innan det same geografiske området. I slike tilfelle skal ein vurdere å nytte føresegner om rekkjefølgje.

## **2.3 OMRÅDE FOR FRITIDS- OG TURISTFØREMÅL (§ 11 – 7 NR. 1)**

### **2.3.1 Plankrav (§ 11-9 nr. 1)**

**I byggeområde for fritids- og turistføremål, kan det ikkje gjevast løyve til bygging og anleggstiltak etter § 20-1 , før det ligg føre detaljreguleringsplan.**

Omsynet til ferdsel og ålmenta sine interesser skal utgreiast og avklarast gjennom byggjegranser i detaljplan.

Det skal takast omsyn til landskaps- og naturinteresser.

## **3.0 SAMFERDSELSANLEGG (§ 11-7 NR. 2)**

### **3.1 TRAFIKKSIKRINGSPLAN**

Gjeldande kommunedelplan for trafikk sikring inneheld prioriteringar i høve til trafikktryggingstiltak.

## **4. LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE (LNFR) (§ 11-7 NR. 5)**

I LNFR-a områda skal omsynet til landbruk, natur og friluftsliv prioriterast. Det er her berre tillat med utbygging som er knytt til stadbunden næring.

### **4.1 DRIFTSHYTTER**

Retningsgjevande storleik på driftshytter er 40 m<sup>2</sup> BYA. Trongen for nye driftshytter i landbruks- og utmarksnæring skal vurderast.

### **4.2 SPREIDD UTBYGGING I LNFR – OMRÅDA (§ 11 – 7 NR. 5 b)**

#### **4.2.1 Generelt (§ 11-9)**

**Tiltak skal ikkje vere i konflikt med arealbruksinteresser knytt til landbruk, naturvern, landskap, vassdrag, kulturminnevern og friluftsliv.**

Vurdering av planar og tiltak skal ta utgangspunkt i tema i konsekvensutgreiinga til arealdelen. Ved etablering av ny avkøyring eller utvida bruk av eksisterande knytt til fylkesvegar, må saker sendast vegvesenet til godkjenning.

**Nye vegar skal ha vegstandard tilsvarande landbruksveg klasse 3.**

Jordlova og skoglova sine reglar om frådelling og omdisponering gjeld framleis i LNFR – område med høve for spreidd utbygging.

#### **4.2.2 Område for spreidd hyttebygging i LNFR – område**

##### **Plankrav (§ 11-11 nr. 2)**

**Ved frådelling/ bygging av minst 3 nye einingar i same området, er det krav om detaljplan. Ved frådelling/ bygging av minst 2 nye einingar i område med eksisterande hyttebusetnad.**

Ved tilrettelegging av hytter med høg sanitær standard, skal plankrav vurderast.

##### **Storleik og byggjeskikk (§ 11-11 nr. 2)**

Under tregrensa skal hovudbygg vere på maks 100 m<sup>2</sup> BYA med maks mønehøgde 5,5 meter. Uthus/ bod kan vere på maks 15 m<sup>2</sup> BYA med maks mønehøgde på 4,5 meter og anneks på maks 20 m<sup>2</sup> BYA. Parkering er ikkje med i BYA. Over tregrensa og i ope/ eksponert landskap skal hovudbygg vere på maks 60 m<sup>2</sup> BYA med maks mønehøgde 4,7 meter. Uthus/ bod på maks 10 m<sup>2</sup> BYA med maks mønehøgde 3,7 meter. Det er ikkje tillete med oppstoge over tregrensa. Hytter som ligg ope i landskapet skal vere bygd i naturmateriale med mørke, avdempa fargar.

**Krav om saltak, minimum 22°.**

Område for spreidd hyttebygging:

SH 1 – Skåli: 4 hytter  
SH 2 – Misstøyllia: 4 hytter  
SH 3 – Berge (Nesvatn): 3 hytter

### **Lokalisering**

Ved lokalisering av spreidd hyttebusetnad nær grendene, skal det i tillegg til det som er nemnt i pkt. 4.2.1, leggjast vekt på

- Hytter og tilkomstvegar ikkje skal leggjast i konflikt med gardsdrift
- Hytter ikkje skal leggjast nærare dyrkamark og landbruksbygg enn 50 meter.
- Viktige kulturlandskap

Det bør vurderast om arealbruken i området er oversikteleg, om det ligg føre godkjent avkøyring, om det er konflikter i høve til naboar, eller om det er andre særlege tilhøve som krev detaljplan.

### **Bygging på støylyar og bygging i utmarksnæring**

Kommunen er positiv til næringsmessig utvikling av støylyar i heiområda, jfr. Landbruksplanen for Fyresdal. Eksisterande bygg kan restaurerast. Bygningane skal tilpassast dei tradisjonelle støylyshusa, og utbygginga skal ikkje endre støylyens karakter og eigenart. Storleik på bygg maks 40 m<sup>2</sup> BYA og samling ved støylysvoll eller hustufter.

Frådeling er her ikkje lov. Åremålsutleige vert definert som næring.

## **5. Område for vern og bruk av vassdrag (§ 11-7 nr. 6)**

### **5.1 Byggjegranser til vassdrag (§ 11-11 nr. 5)**

5.1.1 Langs verna vassdrag, Kilåi, Songedalsåi, området vest for Fyresvatn, del av Åmdalsvassdraget og langs Fyresvatn og Drang gjeld ei byggjegrænse på 100m. Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for verna vassdrag skal nyttast her. For alle andre vassdrag, slik det gjeng fram av plankartet, gjeld ei byggjegrænse på 50 meter. Same reglar gjeld for regulerte vassdrag med lite vassføring. Som vatn blir rekna dei som er på 2 da eller meir.

5.1.2 Byggjegrænse gjeld ikkje for byggje- og anleggstiltak knytt til stadbunden næring.

5.1.3 Der vegar, eksisterande bygg eller liknande ligg nærare vassdraget enn byggjegrænse, gjeld byggjeforbodssona området mellom inngrepet/tiltaket og vassdraget

5.1.4 I område som er omfatta av gjeldande reguleringsplanar, følgjer byggjeavstand til vatn og vassdrag dei byggjegransene som ligg føre i den ein skilde plan.

### **5.1.5 Tilbygg til eksisterande bygningar innanfor byggjegrensa kan tillatast dersom det byggjast i retning vekk frå vassdraget.**

Søknader om båtnaust som ikkje er knytt til stadbunden næring må handsamast som dispensasjon etter kap. 19. Vurderinga bør sjå på om det kan føre til ulempe for landbruk, friluftsliv eller natur. Storleik bør vurderast i høve til bruken.

Større bygg, med evt. andre funksjonar bør vurderast særskilt, og evt. regulerast. Ved ynskje om båtnaust til hyttetomter og bustadtomter bør ein vurdere fellesanlegg.

### **5.2 Friluftsliv, landskapsomsyn og miljøverdiar i vassdrag**

Våtmarksareal lands vassdrag bør ikkje drenerast eller fyllast opp anna enn der det skjer i samband med tilrettelegging for friluftsliv eller i landbruksnæring. Det same gjeld for utfylling og uttak av masser i vatn og vassdrag, jfr. vassressurslova sine reglar. Dette utløyser gjerne plankrav.

Turstiar må ikkje bli bygd ned.

## **6 Hensynssoner (§ 11-8)**

### **6.1 Sikrings- støy og faresoner (§ 11-8 a)**

#### **6.1.1 Sikringssone for drikkevatt**

I området gjeld egne klausuleringssoner med føreskrifter.

#### **6.1.2 Faresoner – hovudoverføringslinjer for energi**

Hensynssoner er lagt inn med 100 meter til kvar side av overføringslinene som går gjennom kommunen. Innan hensynssonene er det ikkje tillete med oppføring av nye bygg for varig opphald, jfr. føreskrifter. Ved utviding av eksisterande bygg innanfor sona skal tiltaket vurderast i høve til styrka på elektromagnetisk felt.

I høve til andre, mindre høgspenningsanlegg gjeld byggjeforbodssoner etter gjeldande føreskrifter. Desse skal leggjast til grunn ved enkeltsaker og ved utarbeiding av reguleringsplanar.

#### **6.1.4 Hensynssone – villrein**

Ved handsaming av søknader om tiltak innan hensynssona skal omsynet til villreininteressene vektleggast særskilt. For dei nasjonale villreinområda Setesdalsheiane – Ryfylkeheiane (Heiplanen), er det under utarbeiding regionalplan som vil gjer føringar for bruken av områda.

#### **6.1.6 Hensynssone - verna vassdrag**

I Fyresdal kommune er følgjande vassdrag omfatta av vassdragsvern:

- Kilåi (verneplan 5)

- Området vest for Fyresvatn (verneplan 3) Vernet omfattar nedbørfeltet til elva Fardøla som renn ut i Fyresvatn ved Fardal, og nedbørfelta til Birtevatn, Brutjern, Tovsliøytjern ned til felles utløp i nordenden av Nesvatn som ligger i Gjøv sitt felt.

- Songedalsåi (verneplan 4)

- Del av Åmdalsvassdraget (verneplan 1)

Hensynssona gjeld 100 meter til kvar side for hovudvasstrengen til det verna vassdraget.

Innanfor hensynssona gjeld byggjeforbodssone på 100 meter.

Dei rikspolitiske retningslinene (RPR) for verna vassdrag, gjeld i hovudsak for vassdragsbeltet, dvs. hovudelvar, sideelvar, større bekkar, sjøar og tjønner, i eit område inntil 100 meters breidde på kvar side. RPR skal nyttast ved handsaming saker innanfor nedslagsfeltet for verna vassdrag.

### **6.1.7 Hensynssone – bevaring av kulturmiljø**

Innanfor hensynssone bevaring av kulturmiljø, bør fulldyrka areal til åker eng og beite haldast i hevd med tradisjonell drift slik at landskapet og det biologiske mangfaldet vert oppretthalde.

Det er ynskjeleg å take vare på tradisjonelle bygningar. Ved nybygg og tilbygg skal ein ta omsyn til eksisterande bygningsmiljø og tilpasse seg denne.

Viktige kultutlandskapsområder

-Sitje – Lie

-Åslandsgrend

-Kleivgrend

-Spokkeligrend

-Fjellgardane

-Liegrend

### **6.2 Hensynssone – bandlegging (§11-8 d)**

#### **6.2.1 Hensynssone – område bandlagt etter anna lovverk**

Følgjande område i Fyresdal kommune er freda i medhald av naturvernlova:

- Vikfjell naturreservat, 1978-04-28

-Hæstad naturreservat, 2013-01-25

-Fugdalen naturreservat, 2011-12-16

- Storsteinsfjell naturreservat, 2005-12-16

-Naturminne – furu på Ørnetveitheia

-Naturminne - eik på Drangstveit

### **6.4 Planar som framleis skal gjelde**

#### **6.4.1 Gjeldande kommunedelplanar**

**Følgjande kommunedelplan ligg føre for delar av kommunen:**

**Fyresdal sentrum.**

Nye føresegner og retningsliner for LNF – områda i arealdelen skal vurderast ved rullering av kommunedelplanen.

## 6.4.2 Gjeldande reguleringsplanar

Gjeldande reguleringsplanar er lagt inn med nummer i plankart, jfr. liste nedanfor. Planar som skal vidareførast uendra, er lagt inn som byggeområde i plankart og er utheva i lista. For desse områda er det den einsskildede plan som er juridisk bindande for arealbruken.

Disposisjonsplanar er utgått som planform og ligg inne som noverande byggeområde med krav om plan.

Arealbruken som er synt under skravur til byggeområde, er generalisert og berre retningsgjevande.

| Plan nr. | Type plan/ namn   | Godkjent   | Omfang    | Merknad                |
|----------|---|------------|-----------|------------------------|
| P 1      | Reguleringsplan Ålandsli 3/2                              | 26.08.1993 | 4 tomter  | Ubebygd                |
| P 3      | Bebyggelsesplan Storerud 7/3                              | 28.06.2002 | 1 tomt    |                        |
| P 6      | Bebyggelsesplan Åmlid 15/2                                | 15.09.1998 | 16 tomter | Delvis utbygd          |
| P 9      | Reguleringsplan Tovslid 16/3                              | 19.06.1990 | 30 tomter | Delvis utbygd          |
| P 18     | Reguleringsplan Kile 17/1                                 | 06.02.1996 | 6 tomter  | Utbygd                 |
| P 23     | Reguleringsplan Kjellemyr 17/20                           | 25.05.1992 | 3 tomter  | Delvis utbygd          |
| P 26     | Bebyggelsesplan Kvipt 18/1                                | 16.10.2002 |           | Gardstun, utleige m.m. |
| P 27     | Reguleringsplan Fjellheim18/2                             | 04.05.1995 | 5 tomter  | Delvis utbygd          |
| P 40     | Bebyggelsesplan Valebjørg 26/4                            | 16.11.2001 | 12 bygn.  | Fiskebustøylen/næring  |
| P 41     | Reguleringsplan Valebjørg 26/4                            | 27.10.1999 | 23 tomter | Påbyrja                |
| P 43     | Reguleringsplan Valebjørg 26/9                            | 23.10.1986 | 9 tomter  | Påbyrja                |
| P 44     | Reguleringsplan Valebjørg 26/9                            | 30.06.1994 | 12 tomter | Påbyrja                |
| P 49     | Bebyggelsesplan Nape Nedre 29/5                           | 26.06.1997 | 21 tomter | Delvis utbygd          |
| P 50     | Bebyggelsesplan Nesland 32/1                              | Sak 28/97  | 6         | Bustadtomter           |
| P 52     | Bebyggelsesplan Haugen 44/1, 2                            | 02.04.2002 | 4 tomter  | Ubebygd                |
| P 53     | Reguleringsplan Husstøyl 47/1                             | 15.02.1990 | 45 tomter | Delvis utbygd          |
| P 54     | Bebyggelsesplan Austjord 54/1                             | 17.02.2003 | 5 tomter  | Ubebygd                |
| P 55     | Bebyggelsesplan Jore 60/5                                 | 18.06.1996 | 1 tomt    | Ubebygd                |
| P 61     | Bebyggelsesplan Rui 66/2                                  | 07.09.2000 | 3 tomter  |                        |
| P 63     | Reguleringsplan Skåltjønn 66/13                           | 27.11.1986 | 20 tomter | Delvis utbygd          |
| P 64     | Reguleringsplan Lien 68/1                                 | 27.11.1986 | 20 tomter | Delvis utbygd          |
| P 67     | Bebyggelsesplan Aujordet 72/2                             | 04.03.1998 | 8 tomter  | Utbygd                 |
| P 68     | Bebyggelsesplan Nordbø 74/1                               | 20.08.1996 | 5 tomter  | Delvis utbygd          |
| P 70     | Bebyggelsesplan Tortveit 80/3                             | 15.05.2003 | 4 bygn.   | Husmannsplass, påbyrja |
| P 71     | Bebyggelsesplan Hærstad 81/1                              | 03.05.2001 |           | Tun / utleige/ næring  |
| P 73     | Bebyggelsesplan Hæghovden 85/1                            | 28.06.2000 | 2 tomter  |                        |
| P 74     | Reguleringsplan for Industriområdet på Veum               | 6.05.99    |           | Industriområde         |
| P76      | Reguleringsplan for Birte, del av 16/1                    | 27.02.2008 |           | Delvis utbygd          |
| P 77     | Reguleringsplan for Åsen 17/1 og 17/4                     | 26.02.2009 |           | Delvis utbygd          |
| P 78     | Reguleringsplan for Soliåsen 17/2                         | 26.02.2009 |           | Delvis utbygd          |
| P 79     | Reguleringsplan for Kjæddingsteinen, del av 17/2,4,7 og 8 | 26.02.2009 |           | Delvis utbygd          |
| P80      | Reguleringsplan for Gakkskil, del av 16/15                | 26.03.2009 |           | Delvis utbygd          |
| P81      | Reguleringsplan for Fyresdal Sentrum Vest                 | 28.05.2009 |           |                        |
| P 82     | Reguleringsplan Spjotet 26/6                              | 6.03.2009  |           | Delvis utbygd          |
| P 83     | Reguleringsplan Rustendalane, del av 26/12                | 26.06.2008 |           | Delvis utbygd          |
| P 84     | Reguleringsplan Øvre Stuvestøyl, 26/9                     | 25.09.2008 |           | Delvis utbygd          |
| P 85     | Reguleringsplan for Gridalen 17/4                         | 25.09.2008 |           | Delvis utbygd          |
| P 86     | Reguleringsplan Kynjushamaren                             | 26.04.2007 |           | Ikkje opparbeidd       |

|       |   |            |  |                      |
|-------|---|------------|--|----------------------|
| P 88  | Reguleringsplan Veum skiskyttarlegg               | 26.02.2004 |  | Idrettsanlegg        |
| P 89  | Reguleringsplan Molandsmoen<br>Industriområde     | 17.06.2004 |  | Industriområde       |
| P 90  | Reguleringsplan Håsum                             | 24.06.1999 |  | Småbruk 16 parsellar |
| P 91  | Reguleringsplan Skåltjønn 72/3                    | 13.06.2007 |  | Delvis utbygd        |
| P 92  | Reguleringsplan Tøddebakkane                      | 23.10.1973 |  | Bustadområde         |
| P 93  | Reguleringsplan Tøddebakkane aust                 | 23.11.1988 |  | Bustadområde         |
| P 94  | Reguleringsplan Tøddebakkane syd                  | 3.01.1980  |  | Bustadområde         |
| P 95  | Reguleringsplan Vikåne 26/4                       | 27.10.1999 |  | Delvis utbygd        |
| P 96  | Reguleringsplan Vinsnes 24/1,9,14,15,16,<br>og 20 | 22.06.2005 |  | Delvis utbygd        |
| P 97  | Reguleringsplan Århusjordet                       | 13.04.2000 |  | Bustadområde         |
| P 98  | Reguleringsplan Foldsæbakkane 92/49               | 17.03.1978 |  | Bustadområde         |
| P 99  | Reguleringsplan Folkestadbyen                     | 30.10.1997 |  |                      |
| P 100 | Reguleringsplan Fyresdal Sentrum Vest             | 17.07.1980 |  |                      |
| P101  | Reguleringsplan Åbodokki                          | 22.06.2005 |  | Delvis utbygd        |
|       |   |            |  |                      |

## 7. Anna kartinformasjon

### Kulturminne

#### Oversikt over vedtaksfreda og automatisk freda kulturminne

- R 1 - Aslestad Øvre, loft
- R 2 - Austre Nape, eldhus
- R 3 - Bondal, loft
- R 4 - Brokke, loft
- R 5 - Graver Øvre, loft
- R 6 - Gryte Søndre, loft
- R 7 - Hadder, bur og stall
- R 8 - Liene, loft
- R 9 - Loft frå Nordre Skrede – flytt til Birtedalen
- R 10 - Lundehall, loft og våningshus
- R 11 - Metveit Uppigard – Øvre, loft
- R 12 - Nordre Gryte, loft
- R 13 - Nøra Nordre (Øvre), loft
- R 14 - Rolleivstad, stoge
- R 15 - Sitje, loft
- R 16 - Snarteland Nordre, bur
- R 17 - Songedalstveiten, loft
- R 18 - Søgard Veum, loft
- R 19 - Søre Bjørnstad, loft

Askeladden er ein database som inneheld alle registrerte og kartfeste kulturminne. Databasen skal nyttast i samband med handsaming av planar og ved handsaming av enkeltsaker.



**Aktuelle minikraftverk**

Aktuelle minikraftverk er lagt inn som informasjon på plankartet.

Før bygging av minikraftverk må tiltaket handsamast etter Plan- og bygningslova § 20-1, samt vurderast i høve til konsesjonskravet i vassressurslova.